

BØ KOMMUNE

Rådmannens stab

Saksbeh.: Beate Darrud
Innvalsnr.: 35059043
Kontoradr.: Bøgata 67
Tlf. etaten: faks:

Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dato: 27.04.2012
Arkivnr.: K2-A10, K3-&13
Vår ref.: 12/1257-2

NOU 2012:1 Til barnas beste – Høyringsuttalelse fra Bø kommune

Administrasjonen i KS har på bakgrunn av dei mest sentrale forslaga frå Øie-utvalet gjort noen vurderingar. KS administrasjonen framhevar følgjande områder og forslag som særleg viktige å gi synspunkt på: (se og vedlagt vurdering frå KS)

- tilsynsfunksjonen
- gratis barnehage på sikt
- bemanning – vaksentettleik og pedagognorm
- styrars ansvarsområde
- godkjenning av andre pedagogar enn førskulelærarar
- fagarbeidrarar som del av bemanninga
- dispensasjon frå krav om pedagogisk utdanning og utdanningskrav for styrar og pedagogisk leiar
- ikkje-kommunale barnehagars vedtekter – høve til å prioritere barn utan lovfesta rett ved opptak

Bø kommune støttar i hovudsak høringsbrevet frå KS, men har nokon kommentarar.

15.3

KS har ved fleira anledningar tatt til orde for å fjerne retten som ikkje-kommunale barnehagar har til å bestemme eiga opptakskrets og eigne opptakskriteria. Ettersom kommunen har finansieringsansvar for både dei kommunale og dei ikkje-kommunale barnehagane, er det viktig for Bø kommune å støtte KS på dette punktet.

16.2.1

KS føreslår å opne for at anna relevant høgskule – eller universitetsutdanning kan kvalifisere for stilling som styrar i barnehage. Bø kommune tenkjer at styraren er den viktigaste fagpersonen i ein barnehage, og bør kjenne alle sider av feltet godt. Ein barnehage er ein pedagogisk utdanningsinstitusjon, og bør derfor leiast av ein med førskulelærarutdanning.

Når det gjeld pedagogisk bemanning utover styrar, bør det vere aktuelt å vurdere anna pedagogisk utdanning enn førskolelærar - utdanning.

16.2.2

Administrasjonen i KS er av den oppfatninga at med utgangspunkt i kommunens behov for god personal- og ressursutnytting synast det lite hensiktsmessig å skulle fastsetta eit bestemt forholdstal mellom talet på vaksne og talet på barn. Dersom Øie-utvalets forslag om bemanning og vaksentettleik skal bli ståande, må det vere under føresetnad om full finansiering frå staten. Elles er det ikkje mogleg for kommunen å klare denne bemanningsnorma. For å sikre kvalitet i barnehagen, er riktig bemanning ein avgjerdande faktor.

Med helsing

Beate Darrud
konsulent barnehage